

# Referat:

## Årsmøte i Midtre Naustdal Storvald

**Tidspunkt: 26.mai kl 1800**

**Møtestad: Kommunehuset Naustdal, Møterom Nord**

NB: Innkalling til årsmøte avviker vedtekter ettersom det ikke er arrangert årsmøte før utløp av mars. Det er ikke kommet innspill eller klager på overnevnte. Resterende av innkallelse til årsmøte er gjort i samsvar med vedtekter og lagt ut på hjemmesiden og påminnelser via tekstmelding til registrerte jaktfeltledere.

Grunnet Covid19-pandemien vart det lagt opp til påmelding til møtet av smittevernsårsaker, påmelding til årsmøte sendes per epost til: [andersneteland@gmail.com](mailto:andersneteland@gmail.com)

### Sakliste;

#### Opning:

Jan Hove opna årsmøtet. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

- 1) Valg av møteleder og referent.  
Styreleiar Jan Hove var vald som møte leiar. Viggo Leikanger vart vald som referent.
- 2) Valg av representanter til å underskrive referat til årsmøtet  
Magnus Øvrebø og Olaus Jonstad vart valde.
- 3) Regnskap (publisert på forhånd) ved Ken Egil Hove. Ken Egil Hove orienterte om rekneskapen. Det syner eit lite overskot på kroner 352,-
- 4) Årsmelding (publisert på forhånd) ved Jan Hove:  
Ny redigert årsmelding vart lagt fram i møtet. Jan Hove las opp denne. Den nye vil bli publisert på nettsida. Diskusjon rundt dette med skrapdyr. Det vart oppmoda til å rapportere skrapdyra som vert skote for tildeling av nye løyve. Årsmeldinga vart elles godkjent.
- 5) Gjennomgang historisk avskyting i Midtre Naustdal Storvald ved Anders Neteland. Neteland tok oss igjennom statistikk for hjortebestanden både nasjonalt og meir lokalt på vestlandet ut i frå dei kommunane ein har systematiske data på. (Bremanger, Flora Gloppen og Stryn.) Trenden er at gjennomsnittleg vekt på dyra går ned.
- 6) Gjennomgang av fellingsstatistikk 2020 og måloppnåelse iht. bestandsplan ved Anders Neteland. Neteland orienterte om den historiske fellingsstatistikken til storvaldet. Litt om sett hjort.  
Litt debatt om uttak av kalvar. Fagfolk tilrår eit større uttak av kalvar (årskalv). Litt debatt om kor enkelt/vanskeleg dette er, og kva konsekvensar dette kan få.
- 7) Fremlegg til avskytingsplan og løyvetildeling (publiseres på forhånd) ved Anders Neteland

Det vart diskutert mellom anna om ein skulle legge inn jaktforbod på bukkar i brunstperioden og ut jakta.

Forslag frå Hallvar Einevoll: Total freding av vaksen bukk (2,5 år) frå 25 september og ut sesongen.

Dette fann årsmøtet ut at ein ikkje hadde mandat til å vedta.

Vedtak: I henhold til vedtektene vert det kalla inn til ekstraordinært årsmøte innan 15. juni, der dette forslaget vert einaste sak.

Framlegget til Anders Neteland (innkomne forslag) vart diskutert. Ut i frå debatten valde Neteland å trekke sitt forslag.

Avskytingsplan og løyvetildeling var elles vedteken slik den var framlagt frå styret.

8) Evt. innkommende saker sendt inn, frist for innsending er utsatt til 19.mai grunnet utsatt årsmøte.

Ingen andre innkomne saker enn den som vart handsama under sak 7.

9) Valg, Jan Hove (leder) og Ken Egil Hover er på valg. Valgnemnda styrer saken; (Hallvard Einevoll (leder) og Eiliv Erdal). Orientering publiseres på forhånd.

10) Val:

Hallvard Einevoll presenterte valnemnda sitt arbeid og forslag:

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Anders Neteland, ny leiar (opptrykk frå styremedlem)

Styremedlemer:

Isabell Ullenes Hagen

Bjørnar Einevoll

Valnemnda stilte seg villige til å sitje eit år til.

Styret og valnemnda vart valde samrøystes ved akklamsjon.

Møte slutt 2055

Ref Viggo Leikanger

Referat er gjennomlese og godkjent av:

Olaus Jonstad



Magnus Øvrebø

